**Øystre Slidre kommune**

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkiv: | Vår dato: |
|---|---|---|---|
| | ROGAST - 16/1884 | 033 | 04.04.2016 |

**Protokoll frå møte i eldrerådet den 29.03.16**
**kl 10-11.30**

Til stades: Torleiv Sigurd Hovi, Solveig Rydland, Gunnar Berg, Marit Synnøve Opheim Østli.
Andre: Astrid Rogne (sekretær). Knut Frode Framstad under sak 9.

Forfall: Edgar Linn

**Sak 7/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**
**Vedtak:**
Innkalling og saksliste vart einstemmig godkjent

**Sak 8/16 Godkjenning og underskrift av protokoll frå 08.02.16**
**Vedtak:**
Protokollen vart einstemmig godkjent. Solveig Rydland og Gunnar Berg vart valde til å underskrive protokollen.

**Sak 9/16 Orientering frå rapport frå Asplan Viak: «Sentrumsplan med mulighetsanalyse for plassering av omsorgssenter» ved Knut Frode Framstad**
Knut Frode orienterte frå rapporten til Asplan Viak. Dei tilrår plassering av omsorgssenteret slik:

- Alternativ 1 Sørre Moen, alt.2 Raudbrøtmoen, alt.3 mellom Moentunet og miljøstasjonen, alt.4 Ysteriet
- Vegen vidare er slik:
  - Dialog med Husbanken, kvalitetsikre at arealet er eigna
  - Dialog med Coop

- Offentleg ettersyn av arealdelen etter formannskapshandsaming av saka anten 14. eller 21.april
    - Reguleringsplan, kan startast opp før arealdelen er ferdig godkjent.
- Rådmannen vil legge fram for formannskapet berre eitt tomtealternativ

**Vedtak:**
PP frå Knut Frode blir lagt ved protokollen. Etter god orientering om rapporten frå Asplan Viak ved Knut Frode Framstad gjer eldrerådet fylgjande uttale:

> *«Rapporten frå Asplan Viak gjer eit godt innspel til ein god sentrumsplan for Heggenes. Eldrerådet er samd med Asplan Viak i at Sørre Moen framleis er det beste alternativet for plassering av omsorgssenter/omsorgsbustader. Eldrerådet ber Formannskap/Kommunestyre om å setje av areal til ei framtidsretta utbygging. Eldrerådet ber om god framdrift i saka slik at ei utbygging står klar innan 2020, i samsvar med politisk målsetjing. Eldrerådet ber om god informasjon og dialog i saka med administrasjon og politikarar framover. Eldrerådet ber om at uttala fylgjer saka framover».*

**Sak 10/16** **Årsmelding 2015**
**Vedtak:**
Eldrerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre.

Dato:____________________________________

---------------------------------------------------- ------------------------------------------------
---

# SENTRUMSPLAN




Omsorgssenteret bor bygges som en integrert del av Heggenes sentrum.

**Vurderinger av tomtealternativer for nytt omsorgsenter på Hegge**

| | Poeng fra 1-3. 3 er best. | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Alt. 1 | Alt. 2 | Alt. 3 | Alt. 4 | Me |
| | Sørre Moen | Raudbrøtmoen | Mellom Moantunet og Miljøstasjonen | Ysteriet | |
| Plass | 2 | 3 | 2 | 1 | Torr |
| Tilgjengelighet | 3 | 2 | 1 | 2 | Nær |
| Tilknytning til uteområder | 2 | 3 | 3 | 1 | Tilg |
| Tilknytning til turstier | 2 | 3 | 3 | 2 | Nær |
| Tilknytning til møteplasser | 3 | 1 | 1 | 2 | Nær |
| Deltagelse i samfunnet | 3 | 1 | 1 | 2 | Mul |
| Skjerming og trygghet | 2 | 3 | 3 | 2 | Mul |
| Avstand til sentrum | 3 | 1 | 1 | 2 | Sen |
| Utsikt | 3 | 2 | 1 | 3 | Utsi |
| Utvidelsesmuligheter | 2 | 3 | 3 | 1 | De : |
| Synergi m/andre funksjoner | 3 | 2 | 1 | 2 | Nær |
| Fortettingspotensial | 3 | 1 | 1 | 2 | Torr |
| Hensyn til jordvern | 1 | 2 | 2 | 3 | Selv |
| Miljø og transport | 3 | 1 | 1 | 2 | Min |
| Kostnader/gjennomføring | 2 | 3 | 3 | 1 | Hva |
| Poengsum | 37 | 31 | 27 | 28 | |




Løsningene som er vist i volumstudien krever ca. 5,5 dekar av dagens landbruksareal, samt riving av husene på Sørre Moen.



Omsorgsenter i brunt, sett fra ost mot Coop



Ny gate, omsorgsboliger foran, Coop og nytt omsorgssenter bak



Torg vendt mot Heggefjorden



Ny parkeringsplass på tomta til helsesenteret foran, Coop-parkeringen bak

# Vegen vidare

1. Dialog med Husbanken, kvalitetssikre at arealet er eigna
2. Dialog med Coop
3. Offentleg ettersyn av arealdelen (formannskap 14. eller 21. april)
4. Reguleringsplan, kan startast opp før arealdelen er ferdig godkjent




### 3.5 Sentrumsføremål

Rapporten "Heggenes, sentrumsplan med mulighetsanalyse for plassering av omsorgssenter", Asplan Viak, 12.02.2016, er retningsgjevande for regulering og utbygging i desse områda.

Sentr-37
Innan dette området kan det skje relativt tung sentrumsutbygging der alle føremåla forretning-lettvarehandel, offentleg eller privat tenesteyting og bustader som leiligheiter, bør vera representerte. Bygg i området skal ha minimum tre etasjar.

Sentr-10
Området er fyrst og fremst tenkt nytta til offentleg tenesteyting, men også bygg og anlegg for andre sentrumsfunksjonar kan førast opp. Bygg i området skal ha minimum tre etasjar.

Bruk av dyrka mark er omstridt lokal-politisk.

Rådmannen meiner at vi no skal legge ut berre eit alternativ til offentleg ettersyn, mop forhandlingsstrategi og fylkesmannen.